



Det trengs fleire vakter til klatreveggen.

Klatreveggen i Uskedal Ativitetshus er ein aktivitet som mange har glede av. Dette er ein flott familieaktivitet der både borna og foreldra kan ha det kjekt og prøva ut nye utfordringar. Særleg er denne inneaktiviteten god å ty til i dårleg ver. Vanlegvis er det familieaktivitet kvar søndag, men for å halda det i gang treng dei vakter.

Thomas Eide som er leiar for aktiviteten i klatreveggen, melder at dei no treng fleire vakter. Det er fleire som deler på dette oppdraget, og det er ikkje så tidskrevjande. Det vert ca. ei vakt i månaden, og dersom det ikkje skulle passa ein gang, vert det alltid ordna med eit vaktbyte. Han seier vidare at som vakt vil ein få brattkort og opplæring i veggen.

- Er du interessert, liker å klatre eller kanskje du har unger som liker å klatre, og du har ledig tid enkelte søndagar mellom kl 16 og 18, så ta kontakt på telefon 952 53 511, avsluttar THomas Eide.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Thomas Eide